

Statens vegvesen, Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Dato: 04.07.2018  
Vår ref.: 2018/400-8  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## **Klage på avslag om utvida bruk av avkøyrslø frå gnr 28 bnr 87 i Fjell kommune til Fv 561 - melding om vedtak**

Vi viser til dykkar brev av 15.01.18 med oversending av ovannende klage.

Klagenemnda gjorde i møte 19.06.18 følgjande vedtak i saka:

Klaga vert teken til følgje. Det vert gjeve dispensasjon til å nytta avkøyrslø til oppføring av bustad. Klagenemnda kan ikkje sjå at den eine bueninga skal medføra stor endring i trafikkbiletet.

Siste setning er grunngjevinga for vedtaket.

Vedlagt følgjer kopi av utdrag frå møteprotokollen og fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar  
e. f.

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2018/400-6  
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda	30/18	19.06.2018

### Klage på avslag om utvida bruk av avkøyrslø frå gnr 28 bnr 87 i Fjell kommune til Fv 561

#### Samandrag

Stian Vetås, representert ved IEC-HUS, har klaga på Statens vegvesen sitt avslag på søknad om løyve for utvida bruk av avkøyrslø frå gnr 28 bnr 44(87) i Fjell kommune til Fv 561. Fylkesrådmannen sluttar seg til faktagrunnlaget for vedtaket og SVV si vurdering av trafikktryggleiken i den aktuelle avkøyrslø. Fylkesrådmannen finn at SVV har nytta sitt skjøn i denne saka i samsvar med gjeldande lovverk. Fylkesrådmannen rår på grunnlag av si vurdering til at klaga frå IEC-HUS ikkje vert teke til følgje.

**Økonomi:** Inga verknad.

**Klima:** Inga verknad.

**Folkehelse:** Positivt for trafikktryggleiken

**Regional planstrategi:** Inga verknad.

#### Forslag til vedtak

Klage av 17.09.17 frå Stian Vetås, representert ved IEC-HUS, over Statens vegvesen sitt vedtak av 11.09.17 om å avslå søknad om utvida bruk av avkøyrslø for tilkomst til 1 ny bustadeining på gnr. 28 bnr. 44 (87) i Fjell kommune vert ikkje teke til følgje.

#### Saksprotokoll i klagenemnda - 19.06.2018

**Tor- André Ljosland (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Klaga vert teken til følgje. Det vert gjeve dispensasjon til å nytta avkøyrslø til oppføring av bustad. Klagenemnda kan ikkje sjå at den eine bueininga skal medføra stor endring i trafikkbiletet.»

#### Røysting

Ljosland sitt forslag vart vedteke med 3 røyster (Krf, H, Frp) mot 2 røyster (A, SV) for fylkesrådmannen sitt forslag.

#### Vedtak

Klaga vert teken til følgje. Det vert gjeve dispensasjon til å nytta avkøyrsla til oppføring av bustad. Klagenemnda kan ikkje sjå at den eine bueininga skal medføra stor endring i trafikkbiletet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 08.05.2018****Bakgrunn**Søknad

I brev av 14.05.17 sende Karl Petter Aass på vegne av Stian Vetås (søkjær) søknad om løyve for utvida bruk av avkøyrsløse frå gnr 28 bnr 44(87) i Fjell kommune til Fv 561. Bakgrunnen for søknaden var frådeling av tomt og oppføring av ny bustad. Søknaden var vedlagt situasjonskart, der det framgår at tomte er regulert for bustadføremaal.

Vedtak

Det går fram av brev av 11.09.17 frå SVV at dei har lagt til grunn følgjande i si vurdering av søknaden:

- Veglova (sjå seinare).
- Forskrifta Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging (planretningslinjene).
- Nullvisjonen.
- Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016) (rammeplanen).
- Tekniske, statistiske og visuelle fakta om den aktuelle avkøyrsløse.

Planretningslinjene har m.a som mål at «[p]lanlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme [...] god trafikkikkerhet [...]».

Nullvisjonen har vore omhandla og gjeldande sidan NTP<sup>1</sup> 2002-2011 med etterfølgjande rullering av den. Gjennom visjonen søkjer Stortinget å oppnå «*eit transportsystem som ikkje fører til tap av liv eller varig skade*». Trafikktrygging er difor sentralt i SVV sitt arbeid. Etter at visjonen blei vedteken, har talet på menneske som har blitt drept eller varig skadd i transportsystemet falle frå 341 til 117, sjølv om vegtrafikken har hatt vekst.

Ansvarer for å følgje opp dei delene av veglova, planretningslinjene, nullvisjonen, rammeplanen og tilpassing til den faktiske situasjonen, som er relevante for denne saka, kviler i hovudsak på SVV. Rammeplanen er vedteken av fylkestinget som grunnlag for SVV si implementering av deira fullmakter m.a når det gjeld avkøyrsløsesaker.

Blant fakta er følgjande:

- Fartsgrense 60 km/t.
- Årsdøgntrafikk (ÅDT) 10 900.
- Gong- og sykkelveg er trekt attende i kryssområdet.
- Tilhøve knytt til frisikt mot køyrebane er tilfredsstillande.

SVV gjer i tillegg gjeldande at det er knytt fare til påkøyrsløse bakfrå for bilar som skal svinge av Fv 561 og inn i den aktuelle avkøyrsløse.

På grunnlag av vurderinga si, gjorde SVV i brev av 11.09.17 følgjande vedtak:

Med heimel i vegloven §§ 40 og 43 vedtak Regionvegkontoret å avslå søknad om utvidet bruk av avkøyrsløse (Fv. 561, hp1 ved km 5,351) for tilkomst til 1 ny boenhet på gnr. 28 bnr. 44 (87) i Fjell kommune.

---

<sup>1</sup> Nasjonal transportplan.

I veglova § 40 heiter det m.a følgjande:

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningssloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå [...] fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret [...].

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå [...] fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner [...]

[...]

Veglova § 43 har følgjande ordlyd:

Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidlegare måtte vere sette for løyve til avkjørsle. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisisiktliner mellom avkjørsle og den offentlege vegen. Om vegstyremaktene finn det naudsynt, kan slike frisisiktliner òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det enskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsle syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta

Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.

[...]

Regionvegkontoret tar avgjerd etter denne paragrafen for [...] fylkesvegar [...].

I SVV sitt brev av 11.09.17 er vedtaket av same dato grunngeve slik:

Trafikkmengden på Fv. 561 er høy. (ÅDT=10.900 i 2016). Det må kunne legges til grunn at avlastning av vegen som følgje av at Sotrasambandet etableres, fortsatt vil ligge noe frem i tid. Ved omsøkte avkjørsel er det pr. i dag ikke tilrettelagt noe tilbud for myke trafikanter som skal krysse Fv. 561. Trafikksituasjonen oppleves som utrygg, spesielt gjelder dette for barn- og unge. Statens vegvesen mottar med jevne mellomrom henvendelser fra beboere i området som ønsker etablering av kulvert eller en annen form for trafiksikkert tilbud.

I tilknytning til arbeidet med reguleringsplan – «*Detaljreguleringsplan Myrane, gnr. 28 bnr 134 m.fl.*» har Statens vegvesen motsatt seg videre utbygging av området før et tilfredsstillende tilbud er etablert. Dette må i utgangspunktet sikres gjennom rekkefølgekrav knyttet til den aktuelle utbyggingen. Dagens trafikkmengde på Fv. 561 forbi avkjørselen tilsier også krav om fullkanalisering av krysset med etablering av både venstresving- og høyresvingfelt. Det bør etableres trafikkøy i sekundærveg, jfr våre håndbøker N100.

Da overnevnte rekkefølgekrav vil være relativt kostnadskrevenende har Statens vegvesen rådet Fjell kommune til å se på utvikling av området i et mer helhetlig perspektiv.

En eventuell fradeling og utbygging på gnr. 28 bnr. 44 (87) bør inngå som en del av denne vurderingen.

Klage

Søkjaren, no representert ved IEC-HUS, påklaga vedtaket i brev av 17.09.17. Det vert der gjort gjeldande m.a følgjande:

Slik vi leser SVV sin vurdering er det manglende krysningspunkt for myke trafikanter og ønske om oppgradering av regulert avkjørsel som utgjør vedtakets begrunnelse.

Det konstateres at kommunen ikke har nedlagt bygge- og deleforbud på stedet etter plan- og bygningsloven (pbl) § 13-1. Gnr 28 bnr 44 (87) ligger i område kommuneplanen sin arealdel (KPA) har flateregulert til bebyggelse og anlegg, med underformål eksisterende boligområde. Den omtvistede avkjørselen fra fylkesveien inngår derimot i reguleringsplan for Spjeld, planid.: 20040013. Gjeldende planstatus tilsier at der er et politisk ønske om en fortsatt boligutvikling på stedet.

[Henvising til vegloven § 40.] Som nevnt over inngår avkjørselen fra fylkesvei 561 i godkjent reguleringsplan. Reguleringsplanen er riktignok fra 2004, men som det fremgår av plankartet til KPA (KPA 2015-2026) skal den fortsatt være gjeldende. Avkjørselen inngår ikke i område KPA har markert som gjennomføringssone med krav om felles planlegging. Det er med andre ord ikke krav om ny gjennomføringssone med krav om felles planlegging. Det er med andre ord ikke krav om ny plan på stedet. Vi kan på dette grunnlag ikke se at SVV kan nytte veilovens § 40 som hjemmel for å avslå vår søknad om utvidet bruk av avkjørsel fra offentlig vei.

Ein legg til grunn at omgrepet 'gjennomføringssone' her viser til plan- og bygningslova § 16-2 der det m.a heiter at «kommunestyret kan foreta ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan».

I klagegrunnlaget frå søkjar heiter det vidare følgjande:

Som del av vedtakets begrunnelse viser SVV vidare til veilovens § 43, uten å gå nærmere inn på bestemmelsens innhold. [...] Den aktuelle avkjørselen inngår imidlertid i reguleringsplan fra 2004. Det legges derfor til grunn at avkjørselen er etablert ihht Veidirektoratet sine krav. SVV opplyser bl.a i sitt vedtak at kravene til frisiktlinjer er tilfredsstillende.

Med henvising til legalitetsprinsippet mener vi at Statens vegvesen sitt vedtak av 11. september må omgjøres til gunst. [...]

Om legalitetsprinsippet heiter det på Store norske leksikon sin nettstad<sup>2</sup> 24.04.18 m.a følgjande:

Legalitetsprinsippet er det strafferettslige prinsippet om at ingen kan dømmes uten etter lov [...], samt at ingen lov kan gis tilbakevirkende kraft. [...]

Prinsippet er et utslag av kravet om at borgerne skal kunne forutse sin rettsstilling ved å gjøre seg kjent med lovverket og domstolenes fortolkning av dette, og ikke å risikere å bli rammet av en tilfeldig og ny lovforståelse uten at dette er [...] bekjentgjort på tilstrekkelig måte.

[...]

SVV si vurdering av klaga

I SVV sitt oversendingsbrev av 15.01.18, vert det i innleiinga presisert følgjande:

---

<sup>2</sup> www.snl.no.

Talet på brukarar av avkøyrslpunktet [...] tilseier at avkøyrsla skal ha utforming som kryss, jfr. gjeldande vegnormal N100 «Veg og gateutforming». [Forskrift.] Den konkrete avkøyrsla vert av Statens vegvesen derfor omtala som eit kryss i dette brevet.

Aktuell eigedom [...] er ikkje regulert og ligg i område som i kommuneplanens arealdel er vist som Arealformål 1110 – *Boligbeggygelse*. Tiltaket utløyser ikkje krav om reguleringsplan. Kommuneplanens føresegner pkt. 5a «Dokumentasjon ved tiltak» omtaler uregulerte område; «*i område utan krav om regulering skal det ved søknad om oppføring av nye bustadeiningar dokumenterast at ROS (støy, flaum, steinsprang, brann o.l, barn- og unges interesser.....er ivareteke.*».»

Etter eit referat av klaga, heiter det deretter m.a følgjande i SVV si vurdering av den:

[...] I vårt avslag [...] har vi vist til nullvisjonen og at trafikksituasjonen på staden av mange vert opplevd som utrygg. Spesielt gjeld dette for born og unge som skal krysse fylkesvegen.

Trafikktryggleik er døme på eit av fleire tema som skal omtalast i ei ROS analyse jfr. kommuneplanens føresegner pkt. 5a.

At det i kommuneplanen for Fjell er lagt opp til vidare utbygging på Spjeld set ikkje verken kommuneplanens føresegner eller veglova til side. [...] [F]rådeling av tomt og oppføring av ny bustad må eigedomen krev løyve til utvida bruk av avkøyrslse jfr. plan- og bygningslova [(pbl)] § 27-4, jfr vegloven § 40.

I nemnde føresegn heiter det m.a følgjande:

[...] Avkjørsel fra offentlig veg må være godkjent av vedkommende vegmyndighet, jf. veglova §§ 40 til 43. [...]

I SVV si vurdering av klaga heiter det vidare m.a følgjande:

[...] Vår tolkning av [veglova § 40] er at krysset må være tydelig regulert til eit føremål i reguleringsplanen. Verken føresegner eller plankartet tilseier at krysset er utforma med tanke på all framtidig utbygging på Spjeld.

Det vert i vurderinga vidare peika på at det i veglova § 40 2. ledd er krav om avkøyrsløyve frå SVV. Ordlyden i vurderinga er deretter slik:

Spørsmålet om bruk av regulert avkøyrslse til eigedom utanfor juridisk plangrense er nyleg handsama i Klagenemnda i Hordaland fylkeskommune. Vi viser til Sak 54/17 [...].

Fylkesrådmannen legg til grunn at SVV her siktar til at klagenemnda gjennom sitt vedtak kan seiast å framleis slutte seg til SVV og fylkesrådmannen si tolkning av veglova § 40 om at ei avkøyrslse må vere tydeleg regulert til eit føremål for at det ikkje er krav om avkøyrsløyve frå.

#### Fylkesrådmannen si vurdering

SVV har ikkje høve til å utøve skjøn som ligg utanfor deira pliktar, fastsett i m.a vegloven og forvaltningslova, og operasjonalisert i rammeplanen.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til det faktagrunnlaget SVV har nytta i si vurdering. Dette gjeld også tolkinga av veglova § 40, om at ei avkøyrslse må vere tydeleg regulert for eit føremål for at det ikkje skal vere naudsynt med avkøyrsløyve.

Fylkesrådmannen har heller ikkje merknader til SVV si vurdering av trafikktryggleiken i avkøyrsla.

Fylkesrådmannen finn på grunnlag av si vurdering såleis at SVV har nytta sitt skjøn i denne saka i samsvar med gjeldande lovverk. Fylkesrådmannen rår difor til at klaga frå IEC-HUS ikkje vert teke til følge.